

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2016/2003**2019/EØS/10/81****av 14. november 2016**

om endring av vedtak 2009/300/EF og avgjerd 2011/263/EU, 2011/264/EU, 2011/382/EU, 2011/383/EU, 2012/720/EU og 2012/721/EU med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til visse produkt skal gjelde for

[meld under nummeret K(2016) 7218]()*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 3 bokstav c),

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonsvedtak 2009/300/EF⁽²⁾ sluttar å gjelde 31. desember 2016.
- 2) Kommisjonsavgjerd 2011/263/EU⁽³⁾ sluttar å gjelde 31. desember 2016.
- 3) Kommisjonsavgjerd 2011/264/EU⁽⁴⁾ sluttar å gjelde 31. desember 2016.
- 4) Kommisjonsavgjerd 2011/382/EU⁽⁵⁾ sluttar å gjelde 31. desember 2016.
- 5) Kommisjonsavgjerd 2011/383/EU⁽⁶⁾ sluttar å gjelde 31. desember 2016.
- 6) Kommisjonsavgjerd 2012/720/EU⁽⁷⁾ sluttar å gjelde 14. november 2016.
- 7) Kommisjonsavgjerd 2012/721/EU⁽⁸⁾ sluttar å gjelde 14. november 2016.
- 8) Det er gjort ei vurdering av relevansen og nytten av dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedtak 2009/300/EF og avgjerd 2011/263/EU, 2011/264/EU, 2011/382/EU, 2011/383/EU, 2012/720/EU og 2012/721/EU. Ettersom dei noverande miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i desse rettsaktene framleis er under revisjon, bør det tidsrommet som miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde for, lengjast til 31. desember 2017. Vedtak 2009/300/EF og avgjerd 2011/263/EU, 2011/264/EU, 2011/382/EU, 2011/383/EU, 2012/720/EU og 2012/721/EU bør difor endrast.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 308 av 16.11.2016, s. 59, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 43/2017 av 3. februar 2017 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 78 av 22.11.2018, s. 64.

(1) TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

(2) Kommisjonsvedtak 2009/300/EF av 12. mars 2009 om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fjernsyn (TEU L 82 av 28.3.2009, s. 3).

(3) Kommisjonsavgjerd 2011/263/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel (TEU L 111 av 30.4.2011, s. 22).

(4) Kommisjonsavgjerd 2011/264/EU av 28. april 2011 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel (TEU L 111 av 30.4.2011, s. 34).

(5) Kommisjonsbeslutning 2011/382/EU av 24. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU- miljømerket til håndoppvaskmiddel (TEU L 169 av 29.6.2011, s. 40).

(6) Kommisjonsbeslutning 2011/383/EU av 28. juni 2011 om fastsettelse av miljøkriterier for tildeling av EU-miljømerket til allrensjøringsmidler og sanitærrensjøringsmidler (TEU L 169 av 29.6.2011, s. 52).

(7) Kommisjonsavgjerd 2012/720/EU av 14. november 2012 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk (TEU L 326 av 24.11.2012, s. 25).

(8) Kommisjonsavgjerd 2012/721/EU av 14. november 2012 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk (TEU L 326 av 24.11.2012, s. 38).

- 9) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedtak 2009/300/EF skal artikkel 3 lyde:

«Artikkel 3

Miljøkriteria for produktgruppa «fjernsyn» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2017.»

Artikkel 2

I avgjerd 2011/263/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteria for produktgruppa «maskinoppvaskmiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2017.»

Artikkel 3

I avgjerd 2011/264/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2017.»

Artikkel 4

I avgjerd 2011/382/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteriene for produktgruppen «håndoppvaskmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2017.»

Artikkel 5

I avgjerd 2011/383/EU skal artikkel 4 lyde:

«Artikkel 4

Miljøkriteriene for produktgruppen «allrengjøringsmidler og sanitærrengjøringsmidler» og de tilhørende krav til vurdering og kontroll skal gjelde til 31. desember 2017.»

Artikkel 6

I avgjerd 2012/720/EU skal artikkel 3 lyde:

«Artikkel 3

Miljøkriteria for produktgruppa «maskinoppvaskmiddel til industri- og institusjonsbruk» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2017.»

Artikkel 7

I avgjerd 2012/721/EU skal artikkel 3 lyde:

«Artikkel 3

Miljøkriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel til industri- og institusjonsbruk» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde fram til 31. desember 2017.»

Artikkel 8

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 14. november 2016.

For Kommisjonen

Karmenu VELLA

Medlem av Kommisjonen
